

Arbeidsmarkedet nå – april 2007


"Arbeidsmarkedet nå" er et månedlig notat fra Statistikk og utredning i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Notatet er skrevet av Torbjørn Årethun 26.april 2007. torbjorn.arethun@nav.no

Arbeidsløysa held fram med å falla. Sesongjusterte tal viser ein nedgang i talet på arbeidslause på 1.300 den siste månaden. Inkluderer vi deltakarar på ordinære arbeidsmarknadstiltak er det ein nedgang i talet på arbeidslause på 1.000.

Ved utgangen av april er det registrert 47.300 heilt arbeidslause (2,0 %), noko som svarer til ein nedgang på 29 prosent i høve til april i fjor.

Talet på ledige stillingar auka litt siste månad, medan det var ein liten nedgang i tilgangen på ordinære arbeidssøkjjarar til NAV. Samla tyder tala frå NAV at det framleis skjer ei tilstramming på arbeidsmarknaden.

Figur 1: Utviklinga i talet på registrerte heilt arbeidslause og summen av registrerte heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar. Sesongjusterte tal. Januar 1998 –april 2007.




Kjelde: NAV

Låg tilgang av arbeidssøkjjarar

Tilgangen av ordinære arbeidssøkjjarar viser store variasjonar frå månad til månad. Dette gjer det vanskeleg å tolka kortsiktige endringar. Figur 2 viser at tilgangen av nye ordinære arbeidssøkjjarar til NAV har gått noko ned gjennom dei fyrste månadene i 2007.

Samstundes som tilgangen av nye arbeidssøkjjarar går ned, fell arbeidsløysa kraftig blant dei som har vore arbeidslause mellom 0,5 og 2 år.

Figur 2: Tilgangen av ordinære arbeidssøkjjarar per yrkedag, beholdning heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar. Sesongjusterte tal januar 2001 – april 2007.




Kjede: NAV.

Mange ledige stillingar

Tilgangen av ledige stillingar auka noko i løpet av april, korrigert for vanlege sesongsvingingar. Dette er ein indikator som ofte varierer noko frå månad til månad. Sett under eitt viser utviklinga dei siste månadene at etterspurnaden etter arbeidskraft framleis er høg.

Figur 3: Tilgang ledige stillingar utlyst i media. Januar 1999 – april 2007. Sesongjusterte tal.



Kjelde: NAV.

Økonomisk utvikling internasjonalt

Bustadinvesteringane i USA har falle gjennom dei siste månadene, men denne nedgangen har førebels ikkje hatt så sterk negativ innverknad på privat forbruk som ein tidlegare har venta. Dersom nedgangen i bustadmarknaden fører til redusert privat etterspørsel på sikt, kan dette føra til ein nedgang i den amerikanske økonomien.

Sterk vekst i Kina og India gjev framleis sterke vekstimpulsar til verdsøkonomien.

Euro-området er inne i ein periode med sterk vekst og nedgang i arbeidsløysa. I løpet av 2006 og hittil i 2007 har innanlandsk etterspurnad vakse sterkt, samstundes som det har vore ein auke i investeringane. Også i Sverige og Danmark er det sterk vekst i økonomien og fallande arbeidsløyse.

Også i dei nye EU-landa er det no sterk vekst og nedgang i arbeidsløysa. Produksjonsveksten skuldast i hovudsak auka innanlandsk etterspurnad. Sjølv om arbeidsløysa går ned i denne regionen, er den framleis stor samanlikna med dei andre EU-landa.

Utviklinga i norsk økonomi

Veksten i norsk økonomi held fram. Oppgangskonjunkturen har no vart i fire år. Det er auke i produksjonen innafor dei fleste sektorar av økonomien. Høge oljeinvesteringar og auke i eksporten av tradisjonelle varer og tenester har ført til auka industriproduksjon. Vekst i investeringane har mellom anna ført til høg aktivitet i bygge – og anleggssektoren, medan vekst i privat forbruk har ført til auka handel og tenesteyting.

Statistisk Sentralbyrå (SSB) sitt konjunkturbarometer for 4. kvartal viser at verksemdsleiarane framleis ser optimistisk på framtida. Samstundes er det fleire som melder om at mangel på arbeidskraft kan verta ein avgrensande faktor i produksjonen.

Oljeinvesteringane er venta å veksa også i 2007. I følgje tal frå SSB er anslaget for 2007 tolv milliardar kroner høgare enn tilsvarande anslag gjeve for 2006 i 1. kvartal 2006.

Varekonsumet har vist ein aukande trend gjennom heile denne konjunkturoppgangen. I følgje sesongjusterte tal auka varekonsumet med 2,7 prosent frå desember i fjor til januar i år, medan det var ein nedgang på om lag 0,8 prosent frå januar til februar i år. Denne utviklinga kan ha samanheng med stort bilsal i januar som følgje av endringar i bilavgiftene frå årsskiftet.

Teknisk berekningsutval la i februar fram tal som viser ein auke i gjennomsnittleg lønsvekst i 2006 på 4,1 prosent mot 3,3 prosent i 2005. Overhenget frå 2006 til 2007 er og større enn i dei føregåande åra. Lønsveksten er dermed på veg opp. Ein tiltakande lønsvekst er eit teikn på ein strammare arbeidsmarknad og aukande mangel på arbeidskraft. I første halvdel av april blei mellomoppgjera i store delar av privat sektor (industrien og handelsnæringen) ferdigforhandla med moderate sentrale tillegg som resultat. Råma for oppgjera tilsvarar ein gjennomsnittleg lønsvekst på om lag 4,5 prosent frå 2006 til 2007, noko som vil gje ein auka lønsvekst i år samanlikna med 2006.

Nedgang i arbeidsløysa i alle yrkesgrupper

Samanlikna med april i fjor er det ein sterk nedgang i arbeidsløysa innan alle yrkesgrupper. Nedgangen er sterkast innan jordbruks-, skogbruks- og fiskefag, der det no er 38 prosent færre arbeidslause. Dette er ei yrkesgruppe med særskild få registrerte arbeidslause. Mellom dei andre yrkesgruppene, har nedgangen vore størst innan Ingeniør- og IKT-fag (-35%) og innan kontorarbeid (-33%). Minst nedgang har det vore innan barne- og ungdomsarbeid (-21 %).

Ingeniør- og IKT fag:

Det er ein sterk nedgang i arbeidsløysa blant dei fleste yrke i denne yrkesgruppa. Særleg er nedgangen sterk blant sivilingeniørar og sivilarkitektar der det no er 40 prosent færre arbeidslause enn ved utgangen av april i fjor. Også innan IKT- yrka har det vore ein sterk nedgang i talet på arbeidslause i perioden (- 38 %).

Industriarbeid

Ved utgangen av april er det 32 prosent færre arbeidslause med bakgrunn frå industriarbeid, når vi samanliknar med same tid i fjor. Det har vore særleg stor nedgang i arbeidsløysa blant automatikarar og elektriske montørar (- 38 %).

Bygg og anlegg

Ved utgangen av april er det 28 prosent færre arbeidslause med bakgrunn frå i bygge- og anleggsarbeid samanlikna med april i fjor. Det har vore særleg stor nedgang i arbeidsløysa blant elektrikarar (-42%) og blant snekkarar og tømrrarar (-38 %).

Offentlege yrke


Innan undervisningsarbeid har arbeidsløysa minka med 29 prosent det siste året. Det er særleg blant undervisningspersonale på høgare nivå (- 36%) at nedgangen i arbeidsløysa har vore kraftig. I yrka innafor helse, pleie og omsorg har det vore sterkast nedgang i arbeidsløysa i yrkesgruppa anna pleie- og omsorgsarbeid (-28%), som er ei gruppe som også omfattar ufaglært pleiepersonale.

Kontorarbeid

Innan kontorarbeid er det størst nedgang i arbeidsløysa blant sekretærar (-36 %) og økonomi- og kontormedarbeidarar (-35%).

I prosent av arbeidsstyrken er det lågast arbeidsløysa innan undervising (0,8%), blant leiarar (0,8%) og innan ingeniør- og IKT-fag (0,9%). Arbeidsløysa er høgast innan reiseliv og transport (2,9%) og serviceyrke og anna arbeid(2,8%).

Figur 4: Prosentvis endring i talet på registrerte arbeidslause etter yrkesbakgrunn. April 2006 – april 2007.




Kjelde: NAV.

Nedgang i arbeidsløysa i alle fylke

Det siste året har arbeidsløysa gått ned i alle fylke. Nedgangen har vore sterkast i Rogaland (-35 %) og Østfold (-35%).

Ved utgangen av april er arbeidsløysa lågast i Rogaland (1,3%) og Oppland (1,4%). Det er flest arbeidslause i Finnmark (3,6%) og Oslo (2,6%).

Figur 5: Prosentvis endring i talet på registrerte arbeidslause etter fylke. April 2006 – April 2007.





Kjelde: NAV.

Spesielle tilhøve ved månadsoppdateringa

Det er ingen kjende tilhøve som påverkar månadstala for arbeidsmarknaden i april.


Figurvedlegg

Figur 6 og 7: Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar innan yrkesgrupper (yrkesbakgrunn). Januar 2004 – april 2007. Januar 2004 = 100. Sesongkorrigererte tall.



Kjelde: NAV.

Figur 8: Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar i regionar. Januar 2004 –april 2007. Januar 2004 = 100. Sesongkorrigerte tall.



Kjelde: NAV.